

3 eksemplar til fordeling  
blant kommunale instansar,  
mellom anna husnemnda.

Til kommunane, takstbestyrarane og distriktsarkitektane.

LÅN FRÅ HUSBANKEN TIL KOMMUNAR

1. for investering eller vidare utlån til reduksjon av eigenkapitalen i statsbankfinansierte bustader
2. for vidare utlån til utbetring av bustader for eldre, uføre og andre med serlege sosiale behov

---

På same måte som i 1973, vil også i 1974 kommunane kunna ta opp lån i Husbanken med sikte på reduksjon av eigenkapitalen i statsbankfinansierte bustader og til utbetring av bustader på sosialt grunnlag. Om bakgrunnen for ordninga med eigenkapitallån viser vi til rundskriv K 107, dagsett 28. desember 1971, jamfør rundskriv HB-1004, dagsett 21. desember 1972. Utbetringsslåneordninga er gjort greie for i rundskriv HB-1007, dagsett 6. mars 1973, jamfør rundskriv K 87, dagsett 7. mai 1969. For dei fleste kommunane vil detaljane i ordninga vera kjende frå før, men ein vil likevel ta opp att og presisera nokre av føresetnadene slik dei er nå.

1. Lån for investering eller vidare utlån til reduksjon av eigenkapitalen i statsbankfinansierte bustader

---

I 1974 kan det for dette føremålet for landet under eitt nyttast 80 millionar kroner mot ca. 57 millionar i 1973. Dei lån som kommunen etter søknad får løyvde frå Husbanken til dette føremålet, kan nyttast til:

- a) lån til delvis betaling av kontantinnskott ved oppføring, utbetring eller overtaking av bustader med pantelån frå Husbanken eller Landbruksbanken, og/eller
- b) eigenkapital-som kommunen må skyta inn ved oppføring, utbetring eller overtaking av slike bustader som kommunen leiger bort utan innskott.

Når det gjeld punkt a) vil ein slå fast at lån berre kan gjevast når låntakeren sjølv skal bu i vedkommende bustad. Slike lån kan difor ikkje gjevast til verksemder eller andre institusjonar som byggjer husvære for sine tilsette. Heller ikkje kommunane kan nytta låne-midlane for bygging av tenestebustader. I samhøve med punkt b) kan kommunen likevel bruka midlane til å dekkja eigenkapital for kommune-eigde bustader dersom desse vert brukte som gjennomgangsbustader for fjernformidla arbeidskraft, eller dersom det gjeld bustader som skal leigast ut innskottsfritt til huslydar med spesielle sosiale behov.

Lånet frå Husbanken forrentast med 5½% p.a. Rentesatsen er bunden i 5 år rekna frå utbetalinga av lånet. Lånet er avdragsfritt i 3 år og skal etter det betalast attende med like store halvårlege avdrag i 12 år. Desse vilkåra skal vera hovudregel for kommunen sitt utlån etter punkt a).

Endeleg skal nemnast at utlånet etter punkt a) ikkje skal gå over 75% av heile kontantinnskottet og ikkje vera større enn kr 20.000 pr. bustad. Dersom heilt spesielle grunnar talar for det, kan ein gå utover desse grensene.

2. Lån for vidare utlån til utbetring av bustader for eldre, uføre og andre med serlege sosiale behov
- 

For heile landet er det for 1974 for utbetningsføremål totalt sett ei ramme for tilsagn på 34 millionar kroner. Ein mindre del av denne kvoten vil kunna nyttast til utlån til kommunar. Ordninga med at kommunen kan ta opp lån i Husbanken med sikte på vidare utlån til utbetring av bustader for eldre, uføre m.v. og andre med serlege sosiale behov vart innført i 1973. Ordninga har som siktemål å forenkla saks-gangen for søknader om utbetningslån på kr. 20.000 og mindre, jfr. rundskriv HB-1007.

Med eldre er meint personar som er over 60 år. Uføre m.v. er personar som får uførtrygd, grunnstønad eller hjelpestønad etter lov om folke-trygd av 17. juni 1966. Med serleg sosialt behov har ein først og fremst tenkt på huslydar med fleire mindreårige barn og med svak økonomi.

Lån kan ikkje gjevast til våningshus på gardsbruk. Lån til utbetring av slike bustader må ein søkja i Landbruksbanken.

Rentesatsen for Husbanken sitt lån til kommunen er  $4\frac{1}{2}\%$ . Den er bunden i 5 år rekna frå utbetalinga av lånet. Lånet er avdragsfritt i 3 år og skal deretter betalast attende med like store halvårlege avdrag i 12 år.

For kommunen sitt utlån gjeld det litt andre vilkår. Så lenge det bur ein huslyd i bustaden som fell inn under ordninga, skal det ikkje krevjast avdrag. I denne perioden er rentesatsen  $4\frac{1}{2}\%$  p.a. Etter dette skal renta setjast opp til  $\frac{1}{2}\%$  over vanleg bustadlånsrente i Husbanken, dvs. f.t.  $6\%$  p.a., i Nord-Troms og Finnmark  $5\frac{1}{2}\%$  p.a. Samstundes vert lånet avdragspliktig. Heile lånet skal betalast attende innan 15 år rekna frå utbetalinga med eit tillegg på halvparten av den tida lånet har vore avdragsfritt. Avdragstida skal likevel ikkje vera kortare enn 5 år. (Sjå eksempel i rundskriv HB-1007).

### 3. Søknadsfristar m.v.

Søknadsfristane for lån etter begge låneordningane er sett til 15. februar 1974. Ein kan ikkje rekna med at søknader som kjem inn seinare, vil bli handsama. Det skal setjast opp serskilt søknad for kvar ordning med lånesummen det søkjast om. Søknadene skal sendast til det av Husbanken sine avdelingskontor som kommunen høyrer inn under.

Dei kommunar som får løyvd lån etter desse ordningane, vil få tilsendt av Husbanken tilsvarande løyvingsbrev og gjeldsbrev.

Ei minner om at kommunen kvart år på skjema som følgjer vedlagt, skal senda inn rapport til Husbankens hovudkontor om kommunen sin bruk av midlane.

ÆRBØDIGST  
DEN NORSKE STATS HUSBANK

*A. Weiran*

Direktør

---

*C. Bratte*